For berekning av utteljing for kandidatar i 2021 legg Kunnskapsdepartementet til grunn både rapporterte kandidatar i 2019 og etterrapporterte kandidatar frå 2018.

Etterrapporterte kandidatar inngår i datagrunnlaget for å sikre at eit mest mogleg riktig nivå for tal på kandidatar blir lagt til grunn for budsjettutteljinga. Etterrapporterte kandidatar er personar som har oppnådd ein grad, og som er registrerte i databasen i ettertid. Årsaka til etterrapporteringa er fleire, som for eksempel at vitnemål ikkje er utferda på grunn av ein klagesak, manglande vurdering av utdanning frå ein annan institusjon eller at kandidaten ønsker å forbetre karakterar. Det er sett ei grense for etterrapporteringa på eitt år.

Kandidatar frå studieprogram som får dobbel utteljing i kandidatindikatoren, men som har 180 eller fleire studiepoeng innpassa frå ein annan institusjon, gir berre enkel utteljing. Tabellen nedanfor viser samla datagrunnlag i kandidatindikatoren for statsbudsjettet i 2021, både kandidatar med enkel og kandidatar med dobbel utteljing.

Finansieringssystem

Datagrunnlag for 2021-utteljing for kandidatar

Inst.	Tal på kandidatar med enkel (E.) og dobbel (D.) utteljing, 2019 (inkl. etterrapporterte i 2018 og kandidatar med delar av graden innpassa frå ein annan institusjon)												Endring frå foregåande år											
	A		B		C		D		E		F		A		B		C		D		E		F	
	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.
NU	-	-	17	-	24	-	777	7	811	6	405	-	-	-	-6	-	-10	-	69	1	-32	-1	-27	-
NMBU	-	68	-	41	287	71	267	131	234	-	115	-	-	4	-1	7	-1	-15	-20	21	23	-	26	-
NTNU	22	115	104	107	927	-	1 918	1 411	2 109	-	1 166	-	-	28	11	11	46	-	-116	78	31	-	23	-
OM	-	-	45	-	83	-	1 638	-	1 999	-	562	-	-	-	-23	-	27	-	104	0	-42	-	10	-
UiA	-	-	67	-	217	-	608	56	918	11	656	-	-	-	1	-	29	-	10	37	25	-6	-33	-
UiB	-	191	163	123	364	16	734	45	541	299	788	-	-	-20	-18	10	23	5	160	-9	66	39	40	-
UiO	-	251	11	166	517	-	1 564	212	573	317	1 369	-	-1	14	-3	8	76	-	-71	56	-53	-61	84	-
UiS	-	-	33	-	359	-	697	31	903	11	488	-	-	-	1	-	15	-	20	10	161	2	-10	-
USN	-	-	28	-	173	-	1 095	23	1 403	13	575	-	-	-	16	-	25	-	22	10	100	-7	-62	-
UiT	21	115	87	42	189	-	628	162	995	114	565	-	2	-10	1	-1	4	-	102	25	32	8	39	-
AHO	-	-	48	69	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	2	-10	-	-	-	-	-	-	-	-
HiM	-	-	-	-	1	-	116	-	135	-	154	-	-	-	-	-	1	-	1	-	-23	-	-	-
NHH	-	-	-	-	-	-	743	-	-	-	380	-	-	-	-	-	-	-	-33	-	-	-	2	-
NIH	-	-	-	-	-	-	128	-	145	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-2	-	14	-	-	-
NMH	5	-	148	-	-	-	28	-	-	-	-	-	5	-	6	-	-	-	4	-	-	-	-	-
HINN	55	-	52	-	52	-	577	8	690	-	808	-	-45	-	9	-	4	-	14	-2	64	-	-50	-
HVL	-	-	-	-	34	-	1 351	-	1 642	-	448	-	-	-	-	-	4	-	158	-	-40	-	21	-
HiVo	-	-	11	-	-	-	239	-	266	-	106	-	-	-	2	-	-	-	35	-	-69	-	-8	-
HiØ	14	-	-	-	11	-	420	-	575	-	235	-	-5	-	-	-	1	-	82	-	28	-	13	-
SH	-	-	4	-	-	-	48	8	8	-	4	-	-	-	4	-	-	-	41	8	3	-	-3	-
BI	-	-	-	-	-	-	913	-	-	-	2 311	-	-	-	-	-	-	-	-128	-	-	-	-335	-
MF	-	-	-	-	8	16	61	7	-	-	71	-	-	-	-	-	6	6	-6	-2	-	-	5	-
VID	-	-	-	-	3	-	228	-	615	-	149	-	-	-	-	-	-	-	-31	-1	36	-	21	-
AHS	-	-	-	-	-	-	7	-	-	-	41	-	-	-	-	-	-	-	-3	-	-	-	3	-

Finansieringssystem

Inst.	Tal på kandidatar med enkel (E.) og dobbel (D.) utteljing, 2019 (inkl. etterrapporterte i 2018 og kandidatar med delar av graden innpassa frå ein annan institusjon)												Endring frå foregåande år											
	A		B		C		D		E		F		A		B		C		D		E		F	
	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.
BD	-	-	9	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-15	-	-	-	-	-	-	-	-
BAS	-	-	7	23	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	3	-6	-	-	-	-	-	-	-	-
DMMH	-	-	-	-	-	-	41	-	238	-	-	-	-	-	-	-	-	-	28	-	9	-	-	-
FIH	-	-	-	-	-	-	4	-	-	-	14	-	-	-	-	-	-	-	-4	-	-	-	2	-
HGut	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	5	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-2	-
HLT	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	40	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-5	-
HK	-	-	57	-	35	-	252	-	335	-	772	-	-	-	-1	-	5	-	1	-	-18	-	-63	-
LDH	-	-	-	-	-	-	94	-	202	-	-	-	-	-	-	-	-	-	11	-	3	-	-	-
NLA	-	-	13	-	-	-	113	-	93	-	146	-	-	-	4	-	-	-	-2	-	10	-	25	-
STH	-	-	-	-	-	-	13	-	32	-	4	-	-	-	-	-	-	-	6	-	14	-	-	-

Uttekslingsstudentar og doktorgradskandidatar

Nedanfor er ei oversikt over datagrunnlaget som inngår i berekning av utteljing for utvekslingsstudentar og doktorgradskandidatar i statsbudsjettet for 2021. Tabellen viser tal på inn- og utreisande utvekslingsstudentar og tal på utreisande studentar på Erasmus+-programmet for 2019, og tal på doktorgradskandidatar (inkludert kandidatar frå Program for kunstnarleg utviklingsarbeid (PKU)) og samarbeidskandidatar for 2019. I berekninga av resultatbasert utteljing for doktorgradskandidatar er samarbeidskandidatar avkorta med ein faktor på 0,8 i tråd med forklaringa i punkt 4.3.1, medan dei faktiske tala er presenterte i denne tabellen. Ikkje alle institusjonane deltek på begge indikatorane. Indikatorane som ikkje er relevante for ein institusjon er derfor markert med IR (ikkje relevant).

Datagrunnlag for 2021-utteljing for utveksling og doktorgradar

Inst.	Tal på studentutveksling og doktorgradskandidatar 2019				Endring frå foregåande år			
	Utteksling		Doktorgrads-kandidatar		Utteksling		Doktorgrads-kandidatar	
	Inn- og utreisande studentar	Utreisande studentar på Erasmus+	Dr.grad (inkl. PKU)	Samarb.	Inn- og utreisande studentar	Utreisande studentar på Erasmus+	Dr.grad (inkl. PKU)	Samarb.
NU	215	40	25	7	10	14	-5	2
NMBU	329	119	101	-	13	37	14	-
NTNU	2 543	603	378	7	76	80	-19	1
OM	589	107	36	3	-4	-	-	-7
UiA	680	127	41	2	-2	8	4	-1
UiB	1 626	347	230	-	-41	61	4	-
UiO	1 976	395	483	1	-42	-23	15	-
UiS	453	108	62	-	1	-3	12	-
USN	569	107	34	7	17	-9	9	4
UiT	658	117	121	2	-52	16	3	1
AHO	69	29	3	-	5	-	1	-
HiM	92	11	7	1	16	4	3	1
NHH	748	232	17	-	-28	16	-2	-
NIH	99	8	11	-	14	-4	-6	-
NMH	40	27	3	-	17	3	-	-
HINN	344	74	11	2	-13	-1	-7	-3
HVL	571	95	1	11	46	4	1	-6
HiVo	205	34	-	4	17	-11	-	-1
HiØ	130	16	-	1	-58	3	-	-5
KHiO	IR	IR	6	-	IR	IR	6	-
SH	3	1	-	-	-	1	-	-1
BI	974	217	7	1	-40	4	-8	1
MF	8	4	7	-	-6	2	-1	-
VID	132	9	4	-	-1	-7	-	-2
AHS	3	1	-	1	2	1	-	1
BD	-	2	IR	IR	-2	2	IR	IR
BAS	20	8	IR	IR	-7	-	IR	IR
DMMH	40	12	-	-	14	-	-	-3

Finansieringssystem

Inst.	Tal på studentutveksling og doktorgradskandidatar 2019				Endring frå foregåande år			
	Utveksling		Doktorgrads-kandidatar		Utveksling		Doktorgrads-kandidatar	
	Inn- og utreisande studentar	Utreisande studentar på Erasmus+	Dr.grad (inkl. PKU)	Samarb.	Inn- og utreisande studentar	Utreisande studentar på Erasmus+	Dr.grad (inkl. PKU)	Samarb.
FIH	-	-	-	1	-	-	-	1
HGut	-	-	-	-	-	-	-	-
HLT	1	-	-	-	1	-	-	-
HK	76	16	-	-	46	-17	-	-2
LDH	37	9	-	1	7	6	-	-
NLA	36	-	-	1	8	-2	-	1
STH	-	-	-	-	-	-	-	-

4.5.2 Datagrunnlag for indikatorar med lukka budsjettamme

Tabellen nedanfor viser dei resultata som institusjonane enkeltvis har oppnådd per indikator med lukka ramme. Ikkje alle institusjonane deltek på alle indikatorane. Indikatorane som ikkje er relevante for ein institusjon er derfor markert med IR (ikkje relevant).

Datagrunnlag or 2021-utteljing for publiseringspoeng, midlar frå EU, midlar frå Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond (NFR/RFF) og andre bidrags- og oppdragsinntekter (BOA)

Inst.	Midlar for 2019, i 1 000 kroner								Endring frå foregåande år							
	Publiseringspoeng		Midlar frå EU		Midlar frå NFR/RFF		BOA-inntekter		Publiseringspoeng		Midlar frå EU		Midlar frå NFR/RFF		BOA-inntekter	
	Poeng	Del av total	Midlar	Del av total	Midlar	Del av total	Midlar	Del av total	Poeng	Del av total (pp.)	Midlar	Del av total (pp.)	Midlar	Del av total (pp.)	Midlar	Del av total (pp.)
NU	576	2,09 %	6 780	0,98 %	28 168	0,77 %	91 506	2,52 %	48	0,07 %	-1 171	-0,33 %	2 326	0,00 %	6 785	-0,13 %
NMBU	1 015	3,68 %	34 141	4,95 %	253 981	6,97 %	178 323	4,91 %	3	-0,18 %	-61	-0,69 %	15 500	-0,19 %	17 679	-0,11 %
NTNU	6 084	22,06 %	207 612	30,13 %	1 145 865	31,43 %	899 829	24,79 %	437	0,54 %	-1 806	-4,45 %	78 483	-0,61 %	59 104	-1,48 %
OM	1 240	4,50 %	21 443	3,11 %	109 861	3,01 %	243 283	6,70 %	163	0,39 %	4 146	0,26 %	13 956	0,13 %	30 735	0,06 %
UiA	892	3,23 %	6 840	0,99 %	56 427	1,55 %	108 119	2,98 %	99	0,21 %	-166	-0,16 %	-686	-0,17 %	18 523	0,18 %
UiB	3 414	12,38 %	130 208	18,89 %	510 786	14,01 %	336 772	9,28 %	-23	-0,72 %	24 411	1,43 %	44 753	0,02 %	50 854	0,34 %
UiO	6 786	24,60 %	186 583	27,07 %	1 002 817	27,51 %	626 512	17,26 %	40	-1,10 %	28 237	0,93 %	83 900	-0,07 %	134 883	1,90 %
UiS	1 298	4,71 %	12 716	1,85 %	82 995	2,28 %	128 823	3,55 %	161	0,37 %	1 593	0,01 %	20 638	0,40 %	32 224	0,53 %
USN	828	3,00 %	10 421	1,51 %	56 812	1,56 %	143 146	3,94 %	127	0,33 %	3 249	0,33 %	7 625	0,08 %	18 084	0,04 %
UiT	2 113	7,66 %	47 743	6,93 %	209 703	5,75 %	294 939	8,13 %	64	-0,15 %	21 197	2,54 %	6 729	-0,34 %	-27 409	-1,95 %
HiM	110	0,40 %	260	0,04 %	4 697	0,13 %	8 502	0,23 %	-15	-0,08 %	-223	-0,04 %	1 023	0,02 %	-173	-0,04 %
NHH	241	0,87 %	6 288	0,91 %	42 100	1,15 %	20 758	0,57 %	-8	-0,07 %	1 693	0,15 %	8 371	0,14 %	-8 997	-0,36 %
NIH	289	1,05 %	51	0,01 %	8 167	0,22 %	23 526	0,65 %	31	0,07 %	-1 197	-0,20 %	5 113	0,13 %	-664	-0,11 %
HINN	459	1,67 %	5 533	0,80 %	29 643	0,81 %	144 963	3,99 %	75	0,20 %	328	-0,06 %	9 165	0,20 %	19 383	0,07 %
HVL	725	2,63 %	6 884	1,00 %	49 727	1,36 %	147 663	4,07 %	123	0,33 %	3 666	0,47 %	3 107	-0,04 %	43 709	0,82 %
HiVo	108	0,39 %	259	0,04 %	2 890	0,08 %	24 140	0,67 %	11	0,02 %	10	0,00 %	161	0,00 %	2 309	-0,02 %
HiØ	255	0,92 %	3 640	0,53 %	6 558	0,18 %	43 484	1,20 %	60	0,18 %	361	-0,01 %	518	0,00 %	14 012	0,28 %
SH	18	0,06 %	-587	-0,09 %	6 513	0,18 %	17 240	0,48 %	-3	-0,02 %	-1 119	-0,17 %	2 641	0,06 %	5 107	0,10 %
BI	405	1,47 %	100	0,01 %	20 486	0,56 %	111 313	3,07 %	-46	-0,25 %	-840	-0,14 %	5 984	0,13 %	5 289	-0,25 %

Finansieringssystem

Inst.	Midlar for 2019, i 1 000 kroner								Endring frå foregåande år							
	Publiserings-poeng		Midlar frå EU		Midlar frå NFR/RFF		BOA-inntekter		Publiserings-poeng		Midlar frå EU		Midlar frå NFR/RFF		BOA-inntekter	
	Poeng	Del av total	Midlar	Del av total	Midlar	Del av total	Midlar	Del av total	Poeng	Del av total (pp.)	Midlar	Del av total (pp.)	Midlar	Del av total (pp.)	Midlar	Del av total (pp.)
MF	153	0,55 %	1 139	0,17 %	5 064	0,14 %	4 080	0,11 %	-7	-0,06 %	879	0,12 %	355	0,00 %	1 312	0,03 %
VID	200	0,73 %	557	0,08 %	7 045	0,19 %	29 922	0,82 %	-4	-0,05 %	-221	-0,05 %	-259	-0,03 %	5 330	0,06 %
AHS	29	0,11 %	IR		IR		IR		20	0,07 %	IR		IR		IR	
DMMH	48	0,17 %	IR		IR		IR		-8	-0,04 %	IR		IR		IR	
FIH	4	0,01 %	IR		IR		IR		-13	-0,05 %	IR		IR		IR	
HGut	-	0,00 %	IR		IR		IR		-1	0,00 %	IR		IR		IR	
HLT	11	0,04 %	IR		IR		IR		-3	-0,01 %	IR		IR		IR	
HK	184	0,67 %	552	0,08 %	5 566	0,15 %	2 525	0,07 %	14	0,02 %	552	0,08 %	4 666	0,13 %	1 381	0,03 %
LDH	27	0,10 %	IR		IR		IR		-4	-0,02 %	IR		IR		IR	
NLA	58	0,21 %	IR		IR		IR		-7	-0,04 %	IR		IR		IR	
STH	11	0,04 %	IR		IR		IR		5	0,02 %	IR		IR		IR	

4.5.3 Rapportering av data for 2020 og resultatutteljing i statsbudsjettet for 2022

I statsbudsjettet for 2022 blir innrapporterte tal for 2020 lagde til grunn og samanlikna med innrapporterte tal som ligg til grunn for utteljinga i statsbudsjettet for 2021. Endring i resultatata gir budsjettverknad i 2022. Det betyr at grunnlaget blir berekna ut frå endring mellom resultatata for indikatorane i 2019 og 2020.

Korrekt informasjon skal ligge til grunn for dei årlege budsjettvedtaka. Universitet og høgskular rapporterer data som inngår i berekningsgrunnlaget for resultatutteljinga i finansieringssystemet. Kunnskapsdepartementet føreset at institusjonane kvalitetssikrar tala dei rapporterer til NSD, og at dei rapporterer innan fastsette fristar. Departementet føreset at dette skjer gjennom system for internkontroll, og at institusjonane kan dokumentere gjennomføringa. Mangelfull eller feilaktig rapportering frå institusjonane kan føre til redusert resultatbasert utteljing.

Institusjonane skal bruke gjeldande mal for rekneskap og andre rapportar for å rapportere data som dannar grunnlag for resultatbasert utteljing. Institusjonane skal rapportere rekneskapen korrekt og til rett tid. På DBH-nettsidene til NSD ligg spesifikasjonar av gjeldande rapporteringskrav og malar for rapporteringa.

Institusjonane legg inn forslag til kategori, A–F, for nye studieprogram i den årlege rapporteringa til NSD. Departementet går gjennom dei nye studieprogramma og gjer endeleg innplassering i kategoriar. Søknad om å få endra innplassering av eit eksisterande studieprogram må inngå som del av satsingsforslaget frå institusjonen for statsbudsjettet for 2022, med frist 1. november 2020.

Departementet behandlar ikkje søknader om endra innplassering av studieprogram som institusjonane sender utanom det samla satsingsforslaget.

Innplassering av utdanningar i ein høgare kategori gir ikkje institusjonen automatisk meir midlar. Kategoriendringar blir gjort budsjettneøytrale for institusjonen i endringsåret, dersom ikkje Stortinget har vedteke anna. Det er kun i komande år at ein eventuell auke i studiepoeng og i kandidatar vil gi auka utteljing med den nye, høgare satsen. På same måte vil ein reduksjon i studiepoeng og i kandidatar gi redusert utteljing berekna med høgare sats.

Utgjeve av:
Kunnskapsdepartementet

Offentlege institusjonar kan tinge fleire eksemplar frå:
Service- og tryggingorganisasjonen til departementa
Internett: www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefon: 222 40 000

Publikasjonskode: F-4461

Internett: http://www.regjeringen.no/orientering_statsbudsjettet_uh

Trykk:
Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon - 12/2020





Kunnskapsdepartementet

Førebels tildelingsbrev

Orientering om forslag til statsbudsjettet 2021 for universitet og høgskular

Mål for universitet og høgskular, budsjett og endringar i løyving og finansieringssystemet.



Orientering om forslag til statsbudsjettet 2021 for universitet og høgskular

Mål for universitet og høgskular, budsjettforslag og finansieringssystemet

Forkorting av institusjonsnamn

Institusjon	Forkorting
Ansgar høyskole for teologi, musikk og psykologi	AHS
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	AHO
Barratt Due musikkinstitut – Høyskoleavdelingen og Unge talenter	BD
Bergen Arkitekthøgskole	BAS
MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn	MF
Dronning Mauds Minne, Høgskole for barnehagelærerutdanning	DMMH
Fjellhaug Internasjonale Høgskole	FIH
Handelshøgskolen BI	BI
Høgskolen i Innlandet	HINN
Høgskolen i Molde, vitenskapelig høgskole i logistikk	HiM
Høgskolen i Østfold	HiØ
Høgskulen for grønn utvikling	HGut
Høgskulen i Volda	HiVo
Høgskulen på Vestlandet	HVL
Høyskolen for dansekunst	HFDK
Høyskolen for ledelse og teologi	HLT
Høyskolen Kristiania	HK
Kunsthøgskolen i Oslo	KHiO
Lovisenberg diakonale høgskole	LDH
NLA Høgskolen	NLA
Nord universitet	NU
Noregs handelshøgskole	NHH
Noregs idrettshøgskole	NIH
Noregs miljø- og biovitenskapelige universitet	NMBU
Noregs musikkhøgskole	NMH
Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet	NTNU
OsloMet – storbyuniversitetet	OM
Samisk høgskole	SH
Steinerhøgskolen	STH
Universitetet i Agder	UiA
Universitetet i Bergen	UiB
Universitetet i Oslo	UiO
Universitetet i Stavanger	UiS
Universitetet i Sørøst-Noreg	USN
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	UiT
VID vitenskapelige høgskole	VID

Innhald

1	Innleiing	7
2	Mål for universitet og høgskular	8
2.1	Om målstrukturen.....	8
2.2	Mål og styringsparametrar for 2021	9
2.3	Kandidatmåltal for 2021.....	11
2.4	Oppfølging frå departementet og hos institusjonane.....	13
3	Budsjett for universitet og høgskular.....	14
3.1	Vesentlege budsjettendringar i 2021 over Kunnskapsdepartementets budsjett kap. 260	14
3.2	Universitets- og høgskulebygg over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.....	15
3.3	Tildeling per institusjon (kap. 260)	16
3.3.1	Universitet og statlege høgskular (kap. 260, post 50).....	18
3.3.2	Private høgskular (kap. 260, post 70)	20
3.4	Rekrutteringsstillingar	21
3.5	Studieplassar.....	22
4	Finansieringssystemet for universitet og høgskular	26
4.1	Rammefinansiering	26
4.1.1	Deltaking på indikatorar i den regelstyrte resultatbaserte utteljinga.....	26
4.2	Endring i regelstyrt resultatutteljing i 2021	29
4.3	Dataspesifikasjonar	31
4.3.1	Dataspesifikasjon for indikatorar med open budsjетtramme.....	31
4.3.2	Dataspesifikasjon for indikatorar med lukka budsjетtramme	34
4.4	Satsar	35
4.4.1	Finansieringskategoriane A-F.....	35
4.4.2	Satsar for studieplasstildelingar og for indikatorar med open budsjетtramme	35
4.4.3	Rammer for indikatorar med lukka budsjетtramme	36
4.4.4	Sats for rekrutteringsstillingar	37
4.4.5	Prisjusteringsfaktor for kap. 260 for 2021	37
4.5	Datagrunnlag for regelstyrt resultatbasert utteljing 2020	37
4.5.1	Datagrunnlag for indikatorar med open budsjетtramme	37
4.5.2	Datagrunnlag for indikatorar med lukka budsjетtramme	43
4.5.3	Rapportering av data for 2020 og resultatutteljing i statsbudsjettet for 2022	45

1 Innleiing

Orientering om forslag til statsbudsjettet 2021 for universitet og høgskular er eit førebels tildelingsbrev for 2021. Departementet legg fram orienteringa samtidig med Prop. 1 S (2020-2021) for Kunnskapsdepartementet, og ho skal saman med endeleg tildelingsbrev danne grunnlag for dei budsjetttdisponeringane styret for den enkelte institusjonen vedtek for 2021.

Orienteringa er delt inn i tre kapittel:

Mål for universitet og høgskular

- Kap. 2 viser dei overordna måla og styringsparametrane for sektoren som institusjonane skal legge til grunn. Kap. 2 viser også kandidatmåltal for utvalde utdanningar.

Budsjett og endringar i løyving

- Kap. 3.1 og 3.2 viser vesentlege budsjettendringar for universitet og høgskular.
- Kap. 3.3 viser endringar i løyvingane frå 2020 til 2021 for universitet og høgskular.
- Kap. 3.4 og 3.5 gir ei oversikt over opptrapping av tildelingar til høvesvis rekrutteringsstillingar og studieplassar frå tidlegare år.

Finansieringssystemet

- Kap. 4.1 beskriv finansieringssystemet i 2021 for universitet og høgskular.
- Kap. 4.2 beskriv endringa i den resultatbaserte utteljinga i 2021 for universitet og høgskular.
- Kap. 4.3, 4.4 og 4.5 beskriv dataspesifikasjonar, satsar og datagrunnlag for resultatbasert utteljing i 2021.

2 Mål for universitet og høgskular

Kunnskapsdepartementet bad i 2018 universiteta og høgskulane om synspunkt på målstrukturen og innspel til korleis den kan gjerast enklare og betre. Det vart gjort i lys av at departementet gradvis har inngått fleirårige utviklingsavtalar med dei statlege institusjonane. Departementet vil hauste fleire erfaringar med utviklingsavtalar og evaluere ordninga før ein eventuelt reviderer måla. Departementet vil foreslå eventuelle endringar i målstrukturen når stortingsmeldinga om styringspolitikk for statlege universitet og høgskular er lagt fram.

2.1 Om målstrukturen

Kunnskapsdepartementet har fastsett fire overordna og langsiktige mål for universiteta og høgskulane som får løyving over Kunnskapsdepartementets budsjett. Måla for 2021 er dei same som dei har vore sidan 2015. Departementet har også fastsett styringsparametrar til kvart av dei fire måla på resultatområde som har særleg merksemd i styringa av sektoren. Styringsparametrane for 2021 er dei same som dei har vore sidan 2016. Departementet forventar at institusjonane vurderer eigne resultat og ambisjonar på desse styringsparametrane. Nokre av styringsparametrane inngår også som indikatorar i finansieringssystemet. Sjå kap. 4.

Universitet og statlege høgskular skal også fastsette eigne verksemdmål og relevante styringsparametrar som speglar profilen og utviklingsstrategien til institusjonen. Verksemdmåla skal medverke til å nå dei overordna måla frå Kunnskapsdepartementet.

Universitet og statlege høgskular skal legge mål- og resultatstyring, med integrert risikostyring, til grunn for planlegging og oppfølging av verksemda. Departementet har ikkje same styringsrolle overfor private høgskular, men oppfordrar desse institusjonane til å arbeide på same måte.

Kunnskapsdepartementet har i samarbeid med institusjonane sett samfunns- og effektmål for større bygge- og rehabiliteringsprosjekt i sektoren. Aktuelle institusjonar må ta omsyn til desse måla i planar og i styringa av verksemda.

Kunnskapsdepartementet har vidare fastsett kandidatmåltal for enkelte utdanningar per institusjon.

Departementet har frå 2016 til 2018 gradvis inngått fleirårige utviklingsavtalar med kvar av dei statlege institusjonane, jf. Prop. 1 S (2018–2019). Utviklingsavtalane skal bidra til høg kvalitet og ein mangfaldig sektor gjennom tydelegare institusjonsprofilar og betre arbeidsdeling. Utviklingsavtalane inneheld mål og måleparametrar for prioriterte utviklingsområde for institusjonen, og er samstundes eit verkemiddel for nasjonal koordinering.

Innhaldet i avtalen skal i hovudsak utarbeidast etter initiativ frå institusjonen, men departementet kan også ta initiativ til at enkelte forhold bør inngå i avtalane. Ein føresetnad for utviklingsavtalane er at departementet og institusjonen er enige om innhaldet. Departementet tek sikte på at avtalane skal vare i 3-4 år, og at vurderinga av måloppnåing vil skje gjennom kvalitative og kvantitative måleparametrar, som institusjonen og departementet

er blitt einige om som del av avtalen. Måla i utviklingsavtalen må vere moglege å operasjonalisere og etterprøve og skal vere ein integrert del av eller samordna med målstrukturen til institusjonane.

Utviklingsavtalane skal bidra til den faglege utviklinga ved universiteta og høgskulane og vere til støtte for styret. Avtalane rokkar ikkje ved det ansvaret styret har for planar, strategiar og forvaltning. Avtalane skal tene som instrument for å løfte område der styret og leiinga ser behov for særskild merksemd. Utviklingsavtalane skal òg vere eit verkemiddel for nasjonal koordinering på frivillig basis.

Prøveordninga legg grunnlaget for at utviklingsavtalar skal bli ein fast del av styringsdialogen for alle dei statlege institusjonane. For å oppfylle målet om betre arbeidsdeling ønsker Kunnskapsdepartementet at alle avtalane på sikt skal ha same avtaleperiode. Departementet har derfor teke initiativ til justering/reforhandling og forlenging av avtalane slik at alle utviklingsavtalene har avtaleperiode til utgangen av 2022.

Regjeringa vil legge fram ei melding for Stortinget som gjennomgår heilskapen i styringa og forankrar ein klar og føreseieleg styringspolitikk for statlege universitet og høgskular. Meldinga vil mellom anna ta utgangspunkt i innspela frå institusjonane til meldinga, ein uavhengig gjennomgang av systemet for styring frå NIFU og ei evaluering av ordninga med utviklingsavtalar. Regjeringa tek sikte på å legge fram meldinga våren 2021.

2.2 Mål og styringsparametrar for 2021

Kunnskapsdepartementet har fastsett fire overordna mål for høgare utdanning og forskning i Prop. 1 S (2020–2021) for Kunnskapsdepartementet. Universitet og høgskular som får løyving frå Kunnskapsdepartementet, skal bidra til å nå måla. Dataspesifikasjonar og krav til rapportering til Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) ligg på DBH-nettsidene til Norsk senter for forskingsdata (NSD)¹. For rapporteringskrav til årsrapporten viser vi til vedlegg til endeleg tildelingsbrev.

For 2021 gjeld desse overordna og langsiktig måla og tilhøyrande styringsparametrar (datakjelde for den enkelte styringsparameteren står i parentes):

Mål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Styringsparametrar:

- Delen bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid (DBH)
- Delen mastergradskandidatar som gjennomfører på normert tid (DBH)
- Delen ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år (DBH)
- Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten (Studiebarometeret - NOKUT)
- Fagleg tidsbruk blant heiltidsstudentar (timar per veke) (Studiebarometeret - NOKUT)

¹ <http://dbh.nsd.uib.no/dokumentasjon/rapporteringskrav/index.action>

- Talet på publikasjonspoeng per fagleg årsverk (DBH)
- Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk (Forskingsrådet/NIFU)
- Delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar (DBH)

Mål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Styringsparametrar:

- Delen mastergradskandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning (Kandidatundersøkinga - NIFU²)
- Bidragsinntekter frå Forskingsrådet per fagleg årsverk (DBH)
- Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk (DBH)
- Delen forskingsinnsats i MNT-fag (FoU-statistikken - NIFU³)

Mål 3: God tilgang til utdanning

Styringsparameter:

- Kandidattal på helse- og lærarutdanningane⁴, jf. måltal (DBH)

Mål 4: Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskningssystem

Departementet har i tillegg sett desse styringsparametrane under mål 4:

Styringsparametrar:

- Talet på studiepoeng per fagleg årsverk (DBH)
- Delen kvinner i dosent- og professorstillingar (DBH)
- Delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar⁵ (DBH)
- Delen av samlingane og objekta ved universitetsmusea som er tilstrekkeleg sikra og bevart (DBH)

² Undersøkinga blir gjennomført annakvart år.

³ Undersøkinga blir gjennomført annakvart år.

⁴ Kandidatmåltala går fram av tabellen under kap. 2.3.

⁵ Styringsparameteren gjeld ikkje for private høgsular.

2.3 Kandidatmåltal for 2021

Departementet har kandidatmåltal for helse- og lærarutdanningane. Dette er utdanningar der det er særleg viktig at sektoren når måla for å møte behovet i samfunnet. Kunnskapsdepartementet regulerer derfor talet på kandidatar i desse utdanningane. Kandidatmåltala er eit minstekrav til talet på uteksaminerte kandidatar frå den enkelte institusjonen. Tabellen nedanfor viser kandidatmåltal for 2021 fordelt på utdanningar og institusjonar.

Institusjon	Helsefagutdanningane															Lærarutdanningane								
	ABIOK- utd.	Audiografutd.	Bioingeniørutd.	Tegnspråk og tolkning	Ergoterapiutd.	Klinisk ernæringsfysiologi	Farmasiutd. BA	Farmasiutd. MA	Fysioterapiutd.	Jordmorutd.	Medisinutd.	Odontologiutd.	Psykologi prof.utd.	Radiografutd.	Sjukepleiarutd.	Tannteknikarutd.	Tannpleiarutd.	Vernepleiarutd.	Barnehagelærarutd.	GLU 1-7	GLU 5-10	Integrert, 5 år	PPU og PPU-Y	Faglærarutd.
Nord universitet	26						21							352			30	124	97	72		110	41	
Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet																					20	64		
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	134	29	73	20	57		12	52	25	114		63	51	425			70		149	94	75	222		69
OsloMet – storbyuniversitetet	120		50	20	51		41	134	34				34	492	20		147	323	151	102		205	88	128
Universitetet i Agder	25		20											211			35	113	65	43	28	139	20	
Universitetet i Bergen						24	25			164	45	80				30					28	211		
Universitetet i Oslo						32	55			200	62	112				20					109	293		
Universitetet i Stavanger	34								14					183				115	56	37	28	178	20	
Universitetet i Sørøst-Noreg	51								20				20	344		20	57	232	138	86		202	68	
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	50		20		20	12	25	33	20	89	32	39	24	261		12	64	106	67	63	50	132	25	

Mål

Institusjon	Helsefagutdanningane																Lærerutdanningane								
	ABIOK- utd.	Audiografutd.	Bioingeniørutd.	Tegnspråk og tolkning	Ergoterapiutd.	Klinisk ernæringsfysiologi	Farmasiutd. BA	Farmasiutd. MA	Fysioterapiutd.	Jordmorutd.	Medisinutd.	Odontologiutd.	Psykologi prof.utd.	Radiografutd.	Sjukepleiarutd.	Tannteknikarutd.	Tannpleiarutd.	Vernepleiarutd.	Barnehagelærerutd.	GLU 1-7	GLU 5-10	Integrert, 5 år	PPU og PPU-Y	Faglærerutd.	Yrkesfaglærerutd.
Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk														79			46								
Noregs idrettshøgskole																								38	
Noregs musikkhøgskole																								24	
Høgskolen i Innlandet	26													172		24	65	117	71	47			63	43	
Høgskulen på Vestlandet	65		39	20	30			68	35				25	447			86	248	186	137			276	48	
Høgskulen i Volda																		59	43	29			72		
Høgskolen i Østfold	22		22											117			61	94	47	32			103		
Samisk høgskole																		2	2	2					
Kunsthøgskolen i Oslo																								13	
Barratt Due Musikk institutt – Høyskoleavdelingen og Unge talenter																								20	
Dronning Mauds Minne, Høgskole for barnehagelærerutdanning																		215							
Lovisenberg diakonale høgskole	66													167											
NLA Høgskolen																		57	34	23					
Steinerhøgskolen																		20	20	20					
VID vitenskapelige høgskole	52				30									351			110								
Sum	671	29	224	60	188	68	62	117	287	148	567	139	294	154	3 601	20	106	771	1 825	1 126	787	338	2 365	353	197

2.4 Oppfølging frå departementet og hos institusjonane

Styringsdialogen mellom departementet og institusjonane består av desse hovudaktivitetane: tildelings- og tilskotsbrev frå departementet, årsrapport frå institusjonane, etatsstyringsmøte/dialogmøte og skriftleg tilbakemelding.

Ein analyse av resultatane i sektoren blir årleg lagt fram i tilstandsrapporten for høgare utdanning.

Årsrapportane, tilstandsrapporten og resultatrapporteringa til Database for høgare utdanning (DBH) utgjer hovudgrunnlaget for den vurderinga departementet gjer av kvar institusjon. Vurderinga som er basert på eigenarten til institusjonen, ligg til grunn for styringsdialogen med kvar av dei statlege institusjonane i etatsstyringsmøta og i den årlege, skriftlege tilbakemeldinga. Departementet forventar at institusjonane set i verk tiltak for å følge opp tilbakemeldinga frå departementet.

Departementet vil framleis vurdere innretninga på etatsstyringsmøta på bakgrunn av blant anna erfaringane med møte annakvart år, institusjonssamanslåingane og prøveordninga med utviklingsavtalar.

NOKUT har ansvar for akkreditering av og tilsyn med kvaliteten i høgare utdanning og fagskuleutdanning, og for godkjenning av utanlandsk utdanning. NOKUT har ansvar for å føre kontroll med private høgskular som mottek statstilskot og med samskipnadane. NOKUT har også ansvar for å føre kontroll med økonomiforvaltninga og arbeid med tryggleik- og beredskap innanfor høgare utdanning og forskning, dvs. universitet og høgskular, Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku), Unit–Direktoratet for IKT og fellestenester, Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI), Noregs forskingsråd (NFR) og Dei nasjonale forskingsetiske komiteane (FEK).

3 Budsjett for universitet og høgskular

Samla løyving for programkategori 07.60 høgare utdanning og forskning utgjer 52,7 mrd. kroner i 2021:

- 40,7 mrd. kroner over kap. 260 Universitet og høgskular
- 926,9 mill. kroner over kap. 270 Studentvelferd
- 175 mill. kroner over kap. 271 Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga
- 676,9 mill. kroner over kap. 272 Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning
- 213,3 mill. kroner over kap. 273 Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning
- 36,3 mill. kroner over kap. 274 Universitetssenteret på Svalbard
- 429,5 over kap. 275 Tiltak for høgare utdanning og forskning
- 19,4 mill. kroner over kap. 284 Dei nasjonale forskingsetiske komiteane
- 5,3 mrd. kroner over kap. 285 Noregs forskingsråd
- 225 mill. kroner over kap. 286 Regionale forskingsfond
- 224 mill. kroner over kap. 287 Basisløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt
- 3,8 mrd. kroner over kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak
- 46,4 mill. kroner over kap. 289 Vitskaplege prisar

3.1 Vesentlege budsjettendringar i 2021 over Kunnskapsdepartementets budsjett kap. 260

Nedanfor følger ei oversikt over vesentlege budsjettendringar over kap. 260 (post 50 og 70)⁶. Nærmare oversyn over budsjettendringane for kvar institusjon følger under kap. 3.3.

	<i>(i 1 000 kroner)</i>
Reduksjon (0,5 pst.) knytt til avbyråkratisering og effektivisering	-192 927
Auka resultatbasert utteljing	188 712
Nye studieplassar til å finansiere det 5. året grunnskolelærerutdanning	89 085
Vidareføre auka opptakskapasitet for studieplassar frå 2016 t.o.m. Revidert nasjonalbudsjett 2020	753 376
Fase ut mellombelse rekrutteringsstillingar frå 2016	-106 387
Vidareføre rekrutteringsstillingar frå RNB 2020	338 098
Auke (3,2 pst.) som følge av prisjustering	1 223 137

⁶ I tidlegare versjonar av orienteringa var nokre tal oppgitt nominelt ut frå prisenivået i året før det aktuelle budsjettåret og nokre tal var justerte for anslått prisvekst for det aktuelle budsjettåret. I orienteringa for 2021 er alle tal i 2021-kroner, med unntak av ABE-reduksjonen.

I tillegg foreslår regjeringa 155 mill. kroner over til ordninga for oppgradering og utvikling av læringsareal og bygg ved universitet og statlege høgskular. Midlane blir i 2021 flytta frå kap. 260, post 50 til kap. 275, post 45. Midlane kan gå til både institusjonar som forvaltar sin eigen bygningsmasse og institusjonar som leigar areal i staten si husleigeordning. Midlane blir fordelte etter søknad i løpet av 2021.

Den søknadsbaserte ordninga oppretta i 2019 der universitet og høgskular kan søke Diku om midlar til fleksible studietilbod blir ført vidare. I 2021 blir 97,2 mill. kroner løyvde til ordninga over Dikus budsjettkapittel.

3.2 Universitets- og høgskulebygg over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Nedanfor er ei oversikt over midlar i 2021 til å prosjektere, rehabilitere og oppføre bygg i universitets- og høgskulesektoren over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Beløpa er i 2021-kroner og avrunda til nærmaste 1 000 kroner, jf. Prop 1 S. (2020–2021) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

	<i>(i 1 000 kroner)</i>
Prosjektering av Blått bygg ved Nord universitet (kap.2445 post 30) ⁷	15 500
Prosjektering av Ocean Space Centre for Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (kap. 530 post 30)	30 000
Prosjektering av utstyr og inventar for Ocean Space Centre i Trondheim (kap. 530, post 45)	10 000
Prosjektering av ny campus i Trondheim for Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (kap. 530 post 30)	137 000
Prosjektering av utstyr og inventar for ny campus i Trondheim for Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (kap. 530 post 45)	22 700
Vidareføring av Vikingtidsmuseet ved Universitet i Oslo (kap. 530 post 33)	100 000
Utstyr og inventar for Vikingtidsmuseet ved Universitetet i Oslo (kap. 530 post 45)	10 000
Vidareføring av byggeprosjekt for nybygg for livsvitenskapsbygget ved Universitetet i Oslo (kap. 530 post 33)	1 300 000
Utstyr og inventar til livsvitenskapsbygget ved Universitetet i Oslo (kap. 530 post 45)	87 000
Vidareføring av byggeprosjekt for Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet og Veterinærinstituttet (kap. 530 post 33)	353 300
Utstyr og inventar for Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet og Veterinærinstituttet på Ås (kap. 530 post 45)	13 200
Avslutning og reklamasjonsfase av fase to av rehabiliteringsprosjekt for Universitetsmuseet i Bergen ved Universitetet i Bergen (kap. 530 post 33)	1 200

⁷ Prosjekteringsløyving i 2021 dekkas av overført ubrukt løyving frå 2020.

Avslutning og reklamasjonsfase av byggeprosjekt for nybygg for medisin og helsefag ved Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet (kap. 530 post 33)	5 000
Avslutning og reklamasjonsfase for rehabilitering av Noregs idrettshøgskole (kap. 530 post 33)	10 000
Avslutning og reklamasjonsfase for NTNU, Teknologibygget (kap. 2445 post 33)	2 500

I 2021 blir følgende brukarfinansierte prosjekt i statens husleigeordning (tidlegare kurantprosjekt) som er under gjennomføring førte vidare med midlar over Kommunal- og moderniseringsdepartementets budsjett, kap. 2445:

	<i>(i 1 000 kroner)</i>
Reklamasjonsfase for Nytt bygg, Høgskulen på Vestlandet, campus Kronstad	15 000
Reklamasjonsfase for Nybygg for lærarutdanninga, Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet, campus Tromsø	13 600
Reklamasjonsfase for Rehabilitering av lokale ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet, campus Narvik	18 000
Mediebygget, Høgskulen i Volda	40 000
Reklamasjonsfase for prosjekt Oppgradering av ventilasjon på hovudbygget, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, campus Ålesund	5 000
Reklamasjonsfase for rehabilitering av hovedbygget, Noregs handelshøgskole	26 000
Nybygg for helse- og sosialfag, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, i Trondheim	164 000
NTNU Retorten	1 500
Villa Grande, HL-senteret, tilbygg	13 500

I tillegg kjem brukarfinansierte prosjekt som framleis er under prosjektering, og som kan bli starta opp i løpet av hausten 2020 eller i 2021.

3.3 Tildeling per institusjon (kap. 260)

Kap. 3.3.1 og kap. 3.3.2 gir nærmare oversikt over endringar frå 2020 til 2021 i budsjetttrammene for dei enkelte universiteta og statlege høgskulane over kap. 260, post 50 og for dei enkelte private høgskulane over kap. 260, post 70.

Ny framstilling av budsjettendringar for 2021:

I tidlegare tildelingsbrev og orienteringar om statsbudsjettet har det vore slik at nokre tal var oppgitt nominelt ut frå prisnivået i året før det aktuelle budsjettår og nokre tal var justerte for

anslått prisvekst for det aktuelle budsjettåret⁸. I 2021 er alle budsjettendringane oppgitt i 2021-kroner, med unntak av ABE-reduksjonen.

Tabellane med budsjettendringar per institusjon er bygde opp som følger:

- Utgangspunktet er *Saldert budsjett 2020* som er tildeling per institusjon i tildelingsbrev/tilskotsbrev for saldert budsjett 2020.
- *ABE-reform* viser reduksjonen som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma. Satsen er 0,5 pst.
- Kolonnen *Prisjustering* viser prisjusteringa av *Saldert budsjett 2020* fråtrekt ABE-reduksjonen. Satsen er 3,2 pst.
- *St.-plassar 2016-2020* viser opptrapping av midlar til studieplassar tildelte i budsjetta frå 2016 til og med vidareføring og opptrapping av midlane løyvde i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2020. Sjå oversikt over studieplassane under punkt 3.5.
- *5. året lærarutd.* viser nye midlar som følge av at studentane hausten 2021 startar på det femte året av den nye femårige grunnskulelærarutdanninga.
- *Rekr.-stillingar* viser nye midlar til rekrutteringsstillingar. Dette er summen av utfasinga av midlane til mellombelse rekrutteringsstillingar løyvde i 2016 og vidareføring og heilårseffekt av midlane til rekrutteringsstillingar løyvde i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2020. Sjå oversikt over rekrutteringsstillingane under punkt 3.4.
- *Resultatbasert utteljing* viser endring i resultatbasert utteljing som følge av endring i institusjonane sine resultat på indikatorane med open og lukka budsjettramme. Kap. 4.5 gir oversikt over data som ligg til grunn for beløpa i desse kolonnane.
- *Statens innkjøpssenter* viser beløpa som blir trekte ut av løyvinga for å styrke Statens innkjøpssenter.
- *Midlar til Udir* viser beløpa som blir flytta frå kap. 260 til Utdanningsdirektoratet (Udir). I statsbudsjettet for 2020 vart ansvaret for finansiering av studieplassar i rettleiarutdanning for nyutdanna lærarar flytta frå Kunnskapsdepartementet til Udir.
- *Andre endringar* viser andre tiltak med verknad for enkelte institusjonar. Sjå forklaringane for den enkelte institusjonen.
- *Budsjettforslag 2021* er tildelinga per institusjon ut frå budsjettforslaget for 2021, og tilsvavar summen av *Saldert budsjett 2020* og endringane.

⁸ Tildelingar som skulle følge opp tiltak frå tidlegare år (konsekvensjusteringar) vart berekna med satsane for året budsjettet blei utarbeida i, altså året før budsjettåret. Tildelingar som var nye i det aktuelle budsjettåret (eller som skulle følge opp tiltak frå siste reviderte nasjonalbudsjett) vart berekna med satsar for budsjettåret. I 2020 innebar det at f.eks. midlar til å trappe opp studieplasztildelingar frå tidlegare år var berekna med satsane for 2019, medan nye studieplassar for 2020 (eller frå RNB 2019) var berekna med satsane for 2020. Tildelingane som vart berekna med satsane for året før budsjettåret vart justerte med anslått prisvekst for budsjettåret. Beløpa som prisjusterte desse tiltaka blei framstilt saman med prisjusteringa av saldert budsjett frå det føregåande året, i kolonna prisjustering. For 2021 er alle budsjettendringane oppgitt med utgangspunkt i satsane for 2021, altså inkludert prisjustering i dei ulike kolonnane, med andre ord i 2021-kroner. Dette gjeld med unntak av ABE-reduksjonen, som er berekna som ein prosentdel av saldert budsjett 2020.

Budsjettforslag 2021

3.3.1 Universitet og statlege høgskular (kap. 260, post 50)

Oversikt over budsjettendringar per institusjon frå 2020 til 2021 i 1 000 kroner

Inst.	Saldert budsjett 2020	ABE-reform	Prisjustering	St.plassar 2016-2020	5. året lærarutd.	Rekr.-stillingar	Resultatbasert utteljing	Statens innkjøps-senter	Midlar til Udir	Andre endringar	Budsjettforslag 2021
NU	1 474 721	-7 411	46 954	26 548	7 870	5 410	-5 729	-77	-640		1 547 646
NMBU	1 341 822	-6 730	42 723	43 746		16 679	7 074	-70			1 445 244
NTNU	7 001 007	-35 156	222 907	96 417	11 316	22 992	6 764	-367			7 325 880
OM	2 544 522	-12 825	81 014	54 565	11 782	24 343	13 586	-134		-338	2 716 515
UiA	1 542 263	-7 746	49 104	21 730	5 029	-4 958	6 706	-81			1 612 047
UiB	3 747 347	-18 799	119 314	59 678		12 622	23 192	-197		4 000	3 947 157
UiO	5 807 721	-29 084	184 915	59 053		13 976	29 389	-305			6 065 665
UiS	1 688 749	-8 452	53 769	43 742	4 331	7 213	7 094	-89	-1 600	-732	1 794 025
USN	1 915 532	-9 651	60 989	46 109	10 431	18 934	25 735	-101	-640		2 067 338
UiT	3 405 234	-17 104	108 420	69 102	6 054	22 990	13 865	-179	-640		3 607 742
AHO	193 943	-972	6 175	8 777		2 705	3 219	-10			213 837
HiM	255 883	-1 299	8 147	17 185		8 114	2 066	-13			290 083
NHH	501 412	-2 520	15 964	11 412		5 410	-1 687	-26		43 632	573 597
NIH	213 653	-1 070	6 803	1 863		1 352	-1 096	-11			221 494
NMH	287 116	-1 438	9 142	6 784		2 705	5 454	-15			309 748
HiNN	1 205 536	-6 088	38 382	28 469	5 495	12 622	-10 738	-63	-1 600		1 272 015
HVL	2 054 968	-10 361	65 428	33 843	15 041	4 958	12 809	-108	-1 600		2 174 978
HiVo	375 781	-1 890	11 964	14 273	3 353	6 311	901	-20			410 673
HiØ	707 362	-3 573	22 521	14 792	3 679	4 959	17 619	-37	-1 280		766 042
KHiO	368 291	-1 845	11 726				2 066	-19			380 219
SH	97 112	-483	3 092	1 397	187	450	2 195	-5			103 945

Forklaringar på andre endringar for universitet og statlege høgskular

OsloMet – storbyuniversitetet

Reduksjon på 338 000 kroner som følge av at utviklingsmidlar til desentralisert yrkesfaglærarutdanning løyvde i samband med ei satsing på yrkesfagene i 2018 er trekte ut.

Universitetet i Bergen

Auke på 4 000 000 kroner til nettportal for norske fagtermar.

Universitetet i Stavanger

Reduksjon på 732 000 kroner i samband med gevinstrealisering for prosjekt med støtte frå medfinansieringsordninga i Digitaliseringsdirektoratet.

Noregs handelshøgskole

Auke på 43 632 000 kroner som følge av at NHH vart innlemma i statens husleieordning.

3.3.2 Private høgskular (kap. 260, post 70)

Oversikt over budsjettendringar per institusjon frå 2020 til 2021 i 1 000 kroner

Inst.	Saldert budsjett 2020	ABE-reform	Prisjustering	St.plassar 2016-2020	5. året lærarutd.	Rekr.-stillingar	Resultatbasert utteljing	Andre endringar	Budsjettforslag 2021
BI	355 390	-1 753	11 316	23 987		13 524	-9 776		392 688
MF	104 882	-529	3 339	3 494			3 435		114 621
VID	391 723	-1 931	12 474	16 854		9 467	9 310	3 163	441 060
AHS	26 878	-137	856	1 002			498		29 097
BD	29 289	-144	933				-2 807		27 271
BAS	18 875	-93	601				2 585		21 968
DMMH	132 123	-661	4 207	3 796		1 352	2 643		143 460
FIH	14 045	-69	447				826		15 249
HFDK	2 054	-10	66						2 110
HGut	2 772	-14	88				-263		2 583
HLT	14 935	-82	475	1 863			-248		16 943
HK	230 392	-1 133	7 336	16 069		9 467	8 852		270 983
LDH	108 483	-542	3 454	7 964		4 057	1 533		124 949
NLA	239 554	-1 251	7 626	18 862	2 654	4 057	10 402		281 904
STH	14 643	-81	466		1 863		1 238		18 129

Forklaringar på andre endringar for private høgskular

VID vitenskapelige høgskole

- Auke på 3 163 000 kroner som følge av at tilskotet til misjons- og diakonarkivet blir flytta frå Kulturdepartementets budsjett til Kunnskapsdepartementets budsjett kap. 260, post 70.

3.4 Rekrutteringsstillingar

I samband med Revidert nasjonalbudsjett 2020 løyvde Stortinget midlar til 250 rekrutteringsstillingar. Stillingane blei finansierte med ein tredels effekt i 2020 og vil finansierast med full budsjetteffekt frå 2021. Satsen for ei rekrutteringsstilling i 2021 er 1 352 400 kroner.

Nye rekrutteringsstillingar i RNB 2020

Institusjon	Antall stillingar
NU	10
NMBU	15
NTNU	29
OM	20
UiA	5
UiB	16
UiO	19
UiS	16
USN	18
UiT	23
AHO	2
HiM	6
NHH	4
NIH	1
NMH	2
HiNN	10
HVL	11
HiVo	6
HiØ	5
SH	1
BI	10
NLA	3
VID	7
DMMH	1
HK	7
LDH	3
Sum	250

I statsbudsjettet for 2016 løyvde Stortinget midlar til totalt 388 rekrutteringsstillingar. Sjå omtale i *Orientering om statsbudsjettet 2016 for universitet og høøgskular*. Av desse vart 118 mellombelse stillingar løyvde over kap. 260, post 50 og 70. Desse vart fasa ut med ein tredels effekt i 2020 og blir heilt fasa ut i 2021.

Mellombelse rekrutteringsstillinger i 2016

Institusjon	Antall stillingar
NU	9
NMBU	4
NTNU	18
OM	3
UiA	13
UiB	10
UiO	13
UiS	16
USN	6
UiT	9
HiNN	1
HVL	11
HiVo	2
HiØ	2
SH	1
Sum	118

3.5 Studieplassar

Dei to tabellane nedanfor viser auke i 2021 i talet på studieplassar for fleirårige utdanningar, tildelte høvesvis i budsjetta for perioden 2016 til og med Statsbudsjettet 2020 og i Revidert nasjonalbudsjett 2020, som ikkje er ferdig oppbygde med alle studentkulla. Tildelte studieplassar som er ferdig oppbygde i 2020, men som inneber auka løyving også for første halvår i 2021, er ikkje med i tabellane. Denne løyvinga inngår i kolonnen *St.plassar 2016-2020* i tabellane i kap. 3.3.1 og kap. 3.3.2. Det gjeld studieplassar til:

- 5-årig lærarutdanning, jf. Revidert nasjonalbudsjett 2016
- 4-årige IKT-utdanningar, jf. Statsbudsjettet 2017 og Revidert nasjonalbudsjett 2017
- 3-årige strategiske studieplassar, 3-årige yrkesfaglærarutdanning, 3-årige utdanningar i havteknologi og 3-årige utdanningar i psykologi, jf. Statsbudsjettet 2018
- 2-årig jordmorutdanning, jf. Statsbudsjettet 2019
- 3-årig sjukepleiarutdanning, jf. Revidert nasjonalbudsjett 2018
- 1-årig praktisk-pedagogisk utdanning, jf. Revidert nasjonalbudsjett 2020

Budsjettforslag 2021

Vidare oppbygging som følge av studieplasstildelingar i perioden 2016 til og med Statsbudsjettet 2020

Institusjon	2016		2017	2018	2019					RNB 2019					2020	
	Medisin, kat. A, 6 år	Psykologi, kat. B, 6 år	Grunnskolelærerutd., kat. D, 5 år	IKT-utd., kat. D, 4 år	Strategiske studie-plassar, kat. D, 5 år	Strategiske studie-plassar, kat. D, 3 år	Sykepleierutd., kat. E, 4 år	Barnevern, kat. D, 5 år	Barnehagelærerutd., kat. E, 3 år	Bærekraftsøkonomi, kat. D, 4 år	Strategiske studie-plassar, kat. D, 4 år	Tegnspråk, kat. D, 4 år	ABIOK, kat. D, 4 år	IKT, kat. D, 4 år	Helse- og sosialfag, kat. D, 4 år	Teknologi/ grønt/blått skifte, kat. D, 4 år
NU				15							10				10	10
NMBU				30												10
NTNU	15	10		110												10
OM				30							10					
UiA				30			35							10		10
UiB	5	5		75										10		10
UiO		5		50												
UiS				30										5	15	
USN				30											10	
UiT	10	5		30			25									10
HiM				5										5	10	
NHH				10												
HiNN									20			3			20	
HVL				30								5			10	
HiØ				15								2				10
BI				10												
NLA			70		50											
VID												2				
MF					30											
HLT						20										

⁹ Sjukepleiarutdanninga ved UiT frå 2019 er eit deltidstudium over fire år. Programmet skal ha opptak annakvart år.

Budsjettforslag 2021

DMMH									30							
LDH													18			
Sum	30	25	70	500	80	20	25	35	30	20	10	10	30	30	75	70

Vidare oppbygging som følge av studieplasstildelingar i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2020

